

---

**928627454**

**LYSSAND DRIFT**

**Mobilnummer**  
461 28 700

**E-postadresse**  
morgan\_lyssand@hotmail.no

**Kontonummer** \*\*\*\* \*\* 97363

**Vedtaksdato**  
22.07.2022

**Vedtaket er gjort av**  
Alver kommune

**Søknadsdato**  
11.03.2022

**Vår referanse**  
2022/2316, Agros 185578

## **Vedtak om tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket – Gjerding og rydding GBNR 241/4**

---

**Samandrag:** Alver kommune har vedtatt å innvilge opptil 28 720 kroner i tilskot til LYSSAND DRIFT til Gjerding og rydding GBNR 241/4. Frist for å gjennomføre tiltaket og rapportere er 11.07.2025.

---

Alver kommune viser til søknad av 11.03.2022.

### **Bakgrunn i saka**

LYSSAND DRIFT sökte om tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket 11.03.2022. Du sökjer om totalt 29 720 kroner i tilskot for tiltak perioden 12.03.2022-01.03.2024. Totalt kostnadsoverslag for tiltaket har du utrekna til 59 440 kroner.

Sökjar ynskjer å gjerde og rydde eit gammalt beite. Sökjar har nyleg kjøpt bruket og starta opp med sauedrift denne våren. Dei gamle beita er grodd att og gjerdet er därleg. Sökjar ynskjer å setja alt i stand slik det var før og bruka det til beite for sau. Areala ligg like veg Bjørgevegen og det vil vera positivt at dei vert rydda og kjem i bruk att som beite.

### **Grunngjeving for vedtaket**

Føremålet med tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket er å fremje natur- og kulturminneverdiane i kulturlandskapet i jordbruket og redusere forureininga frå jordbruket, utover det som kan ventast gjennom vanleg jordbruksdrift, jf. [forskrift om spesielle miljøtiltak i jordbruket](#) (SMIL-forskriften) § 1.

Ein kan innvilge tilskot til føretak som oppfyller vilkåra i forskrift av 19. desember 2014 nr. 1817 om produksjonstilskot og avløysartilskot i jordbruket § 2 og § 3 eller § 4.

Tilskot kan også gis til eigar av landbruksseigedom dersom det går føre seg ein produksjon på landbruksseigedomen som oppfyller vilkåra for tilskot etter forskrifter som nemnt over. Om du sjølv ikkje eig landbruksseigedomen tiltaket skal gjennomførast på, må det ligge føre løyve frå eigar til gjennomføring av prosjekt eller tiltak som nemnt i SMIL-forskrifta § 4 og § 5.

Sökaren må også oppfylle vilkår i forskrift av 1. juli 1999 nr. 791 om gjødslingsplanlegging. Det skal også førast journal over korleis plantevernmiddel som blir brukte, med opplysningar som nemnt i SMIL-forskrifta § 3 tredje ledd.

Søknaden har vorte vurdert etter prinsippa i naturmangfaldlova(NML) §§8-12,JF.§7.  
Administrasjonen har gjennomgått artskart,naturbase og etter ei samla vurdering kome fram til at tiltaket som er omsøkt ikkje er i konflikt med prinsippa i §§8-12 i naturmangfaldlova.

Administrasjonen meiner at tiltaket er i tråd med SMIL -ordninga sitt føremål,jf.forskrift om spesielle miljøtiltak i landbruket §1.Tiltaket er også prioritert i kommunen sin SMIL -strategi.

Søkjær er ein ny bonde og difor prioritert i SMIL strategi for Alver kommune. Tiltak hos nyestablerte bønder dei første 5 åra etter overtaking er prioritert.

I dag er området klassifisert som produktiv skog og annet markslag. På ØK markslag og gamle flyfoto ser ein at 3,5 daa har tidligere vore innmarksbeite. Resten av arealet har vore eit åpent landskap. Heile omsøkt området ligg nær tunet og er naturlig tilhørende til innmarksbeitet. Søkjær har eit stort behov for meir innmarksbeite. Administrasjonen meiner det er eit viktig tiltak å sikre at areala ikkje gror att og at ein oppretthald dei verdiene som kulturlandskapet har. Vidare legg administrasjonen vekt på at søkjær er ny brukar av ordninga og nyleg har starta opp med sau.

Godkjent kostnadsoverslag : (kommunen bruker standardsats for tilskot pr løpemeter gjerde og pr daa rydding)

Tiltak	Mengde	Einingskostnad	Kostnad	Tilskot 50%
Gjerding, meter	343	80 kr	27 440	
Kjøregrind, stk	2	1500 kr	3000	
Rydding, daa	13,5	2000 kr	27 000	
Sum			57 440 kr	<b>28 720 kr</b>

Alver kommune har vedtatt å innvilge opptil 28 720 kroner i tilskot.

### Vilkår for tilskotet

Frist for å gjennomføre tiltaket og rapportere er **11.07.2025**. Dersom du ikkje overheld fristen, fell tilskotet vekk.

Innvilging av tilskot inneber ikkje at tiltaket er godkjent etter anna regelverk, som til dømes plan- og bygningslova, kulturminnelova, naturmangfaldlova, vassressurslova eller forureiningsforskrifta. Du må sjølv skaffe deg slike løyve dersom det trengs, og dette må du gjere før du går i gang med tiltaket du no har fått tilskot til.

- Frist for gjennomføringa av tiltaka er sett til inntil tre år frå tildeling.
- Det kan søkjast om utsetjing av arbeidsfrist i inntil to år ut frå skriftleg grunngjeving,seinast ein månad før oppsett frist går ut.
- Gjerde skal vera permanent med notegard, toppstreng og bendsletråd.
- Området skal nyttast til beite/ og eller slått i minimum 10 år frå løyving.
- Løyvd tilskot kan trekkjast attende heilt eller delvis dersom det oppstår tilhøve som er i strid med føresetnadane for ordninga jfr § 10 i forskrifta om spesielle miljøtiltak i jordbruket

### Rapportering og utbetaling

Når tiltaket er gjennomført, må du sende inn dokumentasjon på at tiltaket er gjennomført etter dei vilkåra som er sett i dette brevet. Du skal rapportere om måloppnåing og bruken av tilskottet slik rapporteringsskjemaet angir.

- Del- eller sluttrapportering av prosjektet gjøres via saken din på altinn. Du finner også skjema med link til altinn på landbruksdirektoratet sine hjemmesider.
- Husk å ta bilder og dokumenter prosjektet underveis, samt ta vare på kvitteringer og før timelister for arbeidet som blir gjort. Sluttrapport skal innehalda rapporteringsskjema, timeliste, bilag på innkjøpt materiell og foto av utført tiltak.

Alver kommune betaler ut det innvilga tilskotet etter at du skriftleg har bede om det, og når vi har godkjent rapport og sluttrekneskapen for prosjektet eller tiltaket. Du kan be om utbetaling digitalt via Altinn.

For eitt-årlige eller mindre prosjekt skal utbetalinga som hovudregel skje etter at prosjektet er avslutta. For fleirårige tilskot kan det vere aktuelt å betale ut delar undervegs i prosjektpersonen. Delar av tilskotet kan utbetalast etter kvart som du godtgjer framdrift i gjennomføring av tiltaket og vi har godkjend rapporteringa. Minst 25 prosent av tilskotet blir halde attende til tiltaket er fullført og sluttrapporteringa er godkjend.

Landbruksdirektoratet sitt rapporteringsskjema for eingongstiltak/investeringsstiltak skal fyllast ut og leggast ved når du ber om del- og sluttutbetaling. [Bruk denne malen](#)

Godkjent kostnadsoverslag for tiltaket er 59 440 kroner. Utbalt tilskot kan ikkje overstige 48,3 % av godkjende kostnader for å utføre tiltaket. Dersom kostnaden for å utføre tiltaket er lågare enn godkjent kostnadsoverslag kan tilskotsbeløpet bli justert ned.

## Kontroll

Kommunen, statsforvaltaren og Landbruksdirektoratet kan gjere kontroll etter SMIL-forskrifta § 9.

## Omgjering, tilbakebetaling og motrekning

Vedtak om innvilga tilskot kan bli gjort om og utbalt tilskot kan bli kravd betalt tilbake etter SMIL-forskrifta § 10 dersom det blir avdekka tilhøve som er i strid med det som er føresett ved innvilging av tilskotet.

## Klagerett

Du kan klage på dette vedtaket til Statsforvalteren i Vestland. Send klag til Alver kommune. Vi vil sende saka vidare til Statsforvalteren i Vestland dersom vi ikkje gjer om vedtaket. Klagefristen er tre veker etter at du har motteke dette brevet, jf. forvaltingslova § 29. Du kan òg be om å få sjå dokumenta i saka, jf. forvaltingslova § 18 og § 19.

## Meir informasjon

På [nettsidene til Landbruksdirektoratet](#) kan du finne meir informasjon om spesielle miljøtiltak i jordbruket.

Med helsing  
for Alver kommune

Saksbehandla av: Roba Al Serhan

Godkjend av: Laila Bjørge